



Solholmen Invest AS v/ Torleif Stendal
Blombakken 1
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2127 - 19/14334

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:
08.05.2019

Førebels svar med trong for tilleggskontroll - gbnr 135/1 Smedholmen

Tiltak: Bruksendring, kai, flytebrygge m.m.
Byggjestad: Gbnr: 135/1
Tiltakshavar: Solholmen Invest AS v/ Torleif Stendal
Ansvarleg søkjar: Gamle3hus

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 29.03.2019. Vi beklagar sein tilbakemelding på søknaden.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det er ikkje sendt inn ansvarsrett for alle tiltak. Det manglar til dømes ansvarsrett for PRO og UTF for brannalarmanlegg, PRO for kai/bryggje, UTF for tømrararbeid for treplattung og andre konstruksjonar som er ein del av tilaka. Vi rår til at de gjennomgår tiltaka som skal utførast og avklarar ansvarsforholda som søknaden krev.
2. Det må sendast inn oppdatert gjennomføringsplan der alle ansvarsområder og oppgåver i tiltaket er samla i ein plan.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **01.06.2019**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr



Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Siril Therese Sylta
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Gamle3Hus AS

Mottakarar:

Gamle 3 Hus AS

Solholmen Invest AS v/ Torleif

Stendal

Bellgården 1

Blombakken 1

5003

5911

BERGEN

ALVERSUND